



+ TEMAOMRÅDE SOM ER AKTUELLE FOR ARBEIDET I RÅDET

Kva saker i kommunen er aktuelle for personar med funksjonsnedsetting? Vi har lista opp nokre område nedanfor for å gi eit bilete av den breidda av saker som kan vere aktuelle.

Dette er ikkje ei utfyllende liste, men desse områda kan du lese meir om under kursopplegget på nett for kommunale råd for personar med funksjonsnedsetting.

Plan og budsjett

- At sentrale tema som gjeld likestilling for personar med funksjonsnedsetting kjem inn i plandokument slik at desse blir utgangspunkt for nærmare tiltak i dei årlege budsjetta i planperioden.

Universell utforming

- At universell utforming er grunnlaget for planlegging, utbygging og tiltak slik at personar med funksjonsnedsetting har dei same moglegheitene for deltaking og blir likestilt med andre.

Folkehelse

- At kommunen gjennom sitt totale folkehelsearbeid legg til rette for å inkludere mennesker med funksjonsnedsetting og kronisk sjukdom.

Desse er tema som omfattar alle dei andre temaområda på neste side:

Arbeid

■ At kommunen er ein god arbeidsgjevar som inkluderer personar med funksjonsnedsetting, og som oppfyller aktivitets- og forklaringsplikta som arbeidsgjevar. Det er også viktig med tilstrekkeleg tilrettelagte arbeidsplassar for dei som har behov for det.

Barnehage

■ At kommunen har eit inkluderande og tilgjengeleg barnehagetilbod for barn med funksjonsnedsettingar, og at tilbodet blir tilrettelagt ut frå barnet sine behov.

Skole

■ At alle barn får gå på sin nærskole slik at elevar med funksjonsnedsetting er med i fellesskapet med dei andre. Universell utforming og fysisk tilrettelegging samt tilrettelagt undervisning, spesialundervisning og praktisk bistand er viktig. Det må sikrast gode overgangar, til dømes frå barnehage til skole og frå barnetrinnet til ungdomstrinnet.

Bolig

■ At innbyggjarar med funksjonsnedsetting kan klare å etablere seg i eigen bustad som bidrar til trivsel, deltaking og sjølvstendige liv. Ved behov for tilgjengelege og tilpassa bustader må tilstrekkeleg og rett bistand bli gitt.

Fritid og sosiale aktivitetar

■ At innbyggjarar med funksjonsnedsetting blir gitt moglegheit til ei aktiv fritid med meningsfulle fritids-, kultur- og idrettsaktivitetar på lik line med andre. Tilgjenge og tilstrekkeleg assistanse er viktig.

■ At kommunen har ordning med ledsagarbevis.

Helse- og omsorgstenester

■ At kommunen har eit godt helsefremmande arbeid, samt koordinerte og heilskaplege tenester med godt samarbeid.

■ At kommunen har gode helsetenester med dei yrkesgruppene det er behov for samt habilitering, rehabilitering og tilbod innan psykisk helse.

■ At kommunen har gode omsorgstenester med personleg assistanse og praktisk bistand, brukarstyrt personleg assistanse (BPA) samt pårørandestøtte som omsorgsstønad, avlastning, opplæring og rettleiing.

■ At det blir gjort individuelle behovsvurderingar.

Familiar med funksjonshemma barn

■ At familiar med stort omsorgsansvar for barn med funksjonsnedsetting og alvorleg sjukdom får dei tenestene og den hjelpa dei treng, at dei blir gitt god informasjon og rettleiing og at det er sikra godt samarbeid mellom ulike instansar og sektorar.

Samferdsel

■ At innbyggjarar med funksjonsnedsetting kan ferdast på lik line med andre.

■ At kommunen sikrar universell utforming og ein god TT-tildelingspraksis samt tilstrekkeleg med parkeringsplassar og eit vedlikehold, også på vinteren

■ At tildeling av parkeringsløyve for forflytningshemma skjer i tråd med forskrift og rettleiar.

Vaksenopplæring

■ At kommunen gir god rettleiing til vaksne med funksjonsnedsetting om grunnskoleopplæring for vaksne og at det blir gitt eit godt tilpassa tilbod.

■ At spesialundervisning blir tilbydd elevar med behov for dette.



Scan koden for å finne den digitale versjonen av heftet